

Etiske retningslinjer



Utøving av arbeidet

- Eg opptre hederleg og viser respekt for alle menneske.
- Eg bruker fagkunnskapen min og skjønn i arbeidet, og handsamar alle likeverdig.
- Eg syter for at fortrulege opplysningar ikkje kjem på avvegar, og misbruker ikkje tilgang til informasjon. Dette gjeld også etter at arbeidstilhøvet mitt er avslutta.
- Eg er lojal i oppfølginga av administrative og politiske avgjerder.
- Eg følgjer norsk lov, interne reglar og god forvaltningsskikk.
- Eg er klar over at mine handlingar og haldningar påverkar kommunen sitt omdømme.

Gåver og representasjon

- Eg tek ikkje i mot gåver, arv eller andre personlege fordelar som kan påverke arbeidet mitt, eller kan vere eigna til å verte oppfatta slik.
- Eg gir eller tilbyr ikkje gåver, tenester eller andre fordelar som er meint, eller kan oppfattast som å påverke mottakaren i tenestesamanheng.

Arbeidsmiljø

- Eg tek ansvar for å fremme eit godt og inkluderande arbeidsmiljø.
- Eg snakkar med og ikkje om mine arbeidskollegaer. Eg bidrar til å skape helsefremmande arbeidsplassar gjennom arbeidsglede og jobbengasjement.
- Eg tek aktivt avstand frå diskriminering, mobbing og trakassering.



Openheit og dialog

- Eg lyttar til innbyggjarane sine innspel gjennom dialog, brukarmedverknad og høyringar.
- Eg sikrar ålmenta sitt krav på innsyn og opptre profesjonelt i kontakt med media i samsvar med kommunen sine retningslinjer.
- Eg opptre ikkje som representant for kommunen når eg deltek i samfunnsdebatten som privatperson, og er medviten rolla mi som tilsett når eg ytrar meg i sosiale medium.

Pengar og eigedelar

- Eg er ansvarsfull i forvaltninga av brukarane sine pengar og eigedelar.
- Eg forvaltar kommunen sine ressursar på ein best mogleg økonomisk og effektiv måte, og misbruker eller sløser ikkje med kommunen sine midlar.
- Eg tek omsyn til miljøet og bidrar til reduksjon av energibruk og klimautslepp.
- Eg skaffar meg ikkje personlege fordelar med bruk av kommunen sine ressursar.
- Eg bruker ikkje kommunen sitt driftsutstyr utan at dette er avtala med leiaren min.

Varsling

- Eg har rett og plikt til å varsle om kritikkverdige tilhøve.
- Eg har mot til å varsle. Arbeidsgjevar skal ivareta den som varslar, og ta ansvar for at kritikkverdige tilhøve vert retta opp i. Den som varslar, skal ikkje verte utsett for gjengjelding.

Interessekonflikter

- Eg informerer om private tilhøve og interesser som kan påverke vedtak eller utføring av oppgåver for kommunen.
- Eg syter for at eigen habilitet vert vurdert før eg sakshandsamar eller tek avgjerd.
- Eg er open om eigarskap, verv og tilsettingsforhold utanfor kommunen, og ulike engasjement eg har.



Innkjøp

- Eg følgjer regelverket om offentlege innkjøp, og opptre profesjonelt i rolla som bindeledd mellom leverandørar og kommunen.
- Eg kjøper varer og tenester via kommunen sine rammeavtalar og kontraktar i samsvar med regelverket.
- Eg er særleg medviten ved kjøp av varer eller tenester frå personar eg har nære relasjonar til.
- Eg tek ikkje i mot særfordelar ved private kjøp av varer og tenester frå kommunen sine leverandørar.

Brot på retningslinjene

- Eg har som medarbeidar i Sunnfjord kommune eit personleg og sjølvstendig ansvar for å følgje kommunen sine etiske retningslinjer.
- Er eg i tvil, så kontaktar eg leiaren min.
- Eg er klar over at brot på dei etiske retningslinjene kan få konsekvensar for arbeidstilhøvet mitt.